



avd Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2023

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Bjarne Horsevik	ikkje på valg
Nestleiar:	Endre Hellebust	på valg
Kasserer:	Per Lien	på valg
Sekretær:	Vidar Lægreid	ikkje på valg
Styremedlem:	Eivind Bell	ikkje på valg
Styremedlem:	Arne Kjell Fimland	på valg
Styremedlem:	Jonfinn Alme	på valg
Vara:	Olav Grinde	på valg
Vara:	Ivar Møgster	på valg

Revisorar:	Reidar Holsen og Leonard Birkeland	på valg
------------	---------------------------------------	---------

Valnemnd:	Kurt Magne Neset (leiar), Audun Hovland, Oddmund Frøysland
-----------	---

Møter/medlemstall m.m.

Vi har i 2023 hatt 3 styremøter og behandla 24 saker. Saker vi har behandla; er ferdigstilling av 30-års boka, som var ferdig til årsmøtet i 2023. Landstreffet i Førde i 2024 har vore jobba mykje med, bl.a. hotell, leige av plass på Øyrane for Firda Billag sine køyretøy. Vi har fordelt oppgaver til alle i styret, så kvar enkelt har fått sitt ansvar. Hadde møte med RHF hovudstyre i oktober om treffet. Heimesida har og vore jobba med og lagt ned mykje arbeid for å få den til, så den har

vorte meget bra. Rapport om arbeidet med bussane, årsmelding, tur til landstreffet på Oppdal og div. andre inkomne saker. Økonomien har vore sak på kvart møte og den er bra. Ved utgangen av året 2023, har vi 170 medlemmer. Det har vore godt samarbeid i styret.

Arrangement som vi har vore med på i 2023:

Vi var på landstreffet på Oppdal 25. – 28. Det var 19 stk., som var med.

Turar:

Vi har vore til Bergen og høyrte på Lindesnes Trekkspillklubb. Så har det vore tur til Balestrand med Gaular Pensjonistlag. Viksdalen Pensjonistlag har vore på tur til Ornes og Skjolden. Sande Helselag har vore til Borgund. Rakfisklag i Naustdal. Alle desse turane har vore med TV-37939. S-22 var med på 17. mai og haustmarknaden i Lærdal. S-3020 har vore på Lustramarknaden. S-3136 har vore til Husum Hotell med folk frå Lærdal Bu-og Omsorgsheim. S-3020 har og vore på slektsstemne og jubileumstur.

Ei stor takk til alle som har vore sjåførar på desse turane.

Vinterlagring.

TV-11916, S-7097 står i Bygstad. TV 37939 står i Førde. S-7038 og S-1967 står i rustholet. S-359 står i garasjen til Firda Billag i Haukedalen. S-3020, S-3136 og TV 38387 står i garasje på Hafslo. S-22 står i oppvarma garasje i Lærdal. TV 65595 har vi solgt.

Arbeid med bussane:

S-7038 arbeider vi med for å få den EU godkjent. S-1967 der er nesten alt elektrisk ferdig, men det står att noko, og vi håpar å få den ferdig til treffet. S-7097 må ha nytt batteri. TV-38387 der står det att noko å gjere etter brannen for å få den EU godkjent. Når det gjeld påkost på bussane, viser vi til rekneskapen.

Økonomi:

Rekneskapen for 2023 viser eit overskudd på kr. 125.341 mot eit underskudd året før på kr. 108.040. Stønad frå NHO Vestland for 2023 på kr. 20.000, vart ikkje utbetalt før i januar og er ført på 2024 rekneskapen. Den største utgiftsposten i år er på TV-1967. Viser elles til tal i rekneskapen.

Sponsorer:

Firda Billag, Toyota Nordfjord/Førde, Biltreff A/S, Steinvik fiskefarm, Sunnfjord Betong A/S, Førde Sementvarefabrikk A/S, Magne Hafstad A/S, Fellesforbundet Sogn og Fjordane, TruckNor Firda A/S, Førde Vulk A/S, Bildeler Førde A/S, Tide Buss Sogn, Firdaklubben, YTF, Luster Kommune, NHO Vestland, Team Verkstad Lærdal, gåve frå Luster Sparebank og frå Sogn Sparebank. Vi har fått kulturmidler frå Sunnfjord Kommune. Skei Servicesenter sponsar møtelokale og mat til alle årsmøtedeltakarane.

RHF/SFJ retter ei stor takk til alle desse!!!!

Annonsører til 30-års boka.

A/S Autoservice, Toyota Nordfjord/Førde A/S, Tide, Bildeler Førde A/S, Bilskaidesenteret A/S, Amfi Sogningen, Førde Bilberging A/S, Team Verksted Lærdal, Firda Billag, TruckNor A/S, Daco Mekaniske A/S, Førde Vulk A/S.

Arbeid i rustholet:

Arne Ødegård, Bjarne Horsevik, Ivar Møgster, Audun Hovland, Bjarne Aasen, Gunnvard Smådal, Roald Herstad og Endre Hellebust. Så ei stor takk til Jon Frøysland, som vanleg i mange år har passa på tomflasker og panta dei.

Vi vil rette ei stor takk til alle, som har vore med å jobba for klubben i 2023.

Bjarne Horsevik

Endre Hellebust

Per Lien

Vidar Lægreid

Eivind Bell

Arne Kjell Fimland

Jonfinn Alme

Olav Grinde

Ivar Møgster